



## Digital tidligmarkvandring

20. mai kl. 13.00 – 13.40 arrangerte GPS digital tidligmarkvandring. Hovedmålgruppen var produsenter og omsettere av grønnsaker og poteter. Uppfordret sendte Christine Frostmann i Coop følgende mail til GPS etter markavandringen: «Takk for et godt gjennomført digitalt møte! Det er klart at man mister den relasjonsbyggende delen av markvandringene og «praten imellom», men med tanke på informasjon og effektivitet, så synes jeg dette fungerte veldig godt:

- Alle fikk samme informasjon – det kan være vanskelig å oppfatte alt som blir sagt når vi står ute på jordene
- En gjennomgang av hele landet samtidig gjør det enklere å skaffe seg et helhetsbilde. Det er jo også veldig effektivt, og mange dager spart med tanke på reise (ikke minst sparer man også miljøet).

Kanskje man kan tenke seg en kombinasjon av digitalt og fysiske møter i fremtiden. Jeg ønsker meg i alle fall mer av det digitale».

Den neste digitale tidligmarkvandring, i regi av GPS, arrangeres etter planen 19. juni. Invitasjon sendes ut ca. en uke før. De som ikke fikk invitasjon sist, og som ønsker å bli invitert, kan sende e-post om det til [morten@grontprodusentene.no](mailto:morten@grontprodusentene.no)



Bildet er fra tidligmarkvandring i Rogaland i 2019. Christine Frostmann i gul regnfrakk.

[morten@grontprodusentene.no](mailto:morten@grontprodusentene.no)

GARTNERHALLEN SA [marte.johansen@gartnerhallen.no](mailto:marte.johansen@gartnerhallen.no)



## Norske Landbrukstenester

### Årsmøte NLT

**Årsmøte for 2019 i Norske Landbrukstenester (NLT) vart halde digitalt 26. mai 2020**

Grunna Covid-19 vart årets årsmøte avvikla digitalt. Dette var ei ny oppleving for dei fleste, men gjennomføringa gjekk fint og det var godt engasjement blant utsendingane.

Frå årsmeldinga går det fram at 2019 har vore eit særst aktivt år for NLT. Arbeidet med å få betre velferdsordningar for bonden er ei kontinuerleg oppgåve som ein også i 2019 har jobba godt med. Forutan møter og aktivitet i ei rekkje utval og nemnder har ein også hatt møter med organisasjonar i landbruket, samt dei ulike politiske miljøa. I alt arbeid som vert gjort står alltid bonden sin kvardag i fokus.

NLT har også i 2019 hatt mange nyttige kurs for tilsette og tillitsvalde i medlemslaga.

32 lag brukar no Webtemp, som er eit komplett nettbasert forretningssystem for vikarbyrå. Det inneheld blant anna elektronisk levering og godkjenning av timelister og massekommunikasjon ut til tilsette og kundar. Dette forenkler kvardagen for både bonde, avløyser og administrasjonen i våre medlemsbedrifter.

Under valet vart Harald Lie attvald som styreleiar, og Tor Inge Eidesen vart vald som nestleiar. Bodil Mannsverk takka for seg etter å ha vore i styret sidan 2013, og Wiebke Slåtsveen vart vald inn som nytt styremedlem. Janne

Østgaard Aagesen vart attvald for 2 nye år i styret.

Resten av styrerepresentantane var ikkje på val.

Ola Norvald Hagen vart vald inn som 2. vararepresentant til styret, medan Selma Cowan vart vald inn som 3. vararepresentant.

Med nemnde endringar ser styret i NLT for 2020 slik ut:

Harald Lie, Vestfold og Telemark- leiar  
Tor Inge Eidesen, Rogaland - nestleiar  
Finn Egil Adolfsen, Trøndelag  
Janne Østgaard Aagesen, Trøndelag  
Wiebke Slåtsveen, Troms og Finnmark - ny  
Linda Kristin Oppedal, Vestland - 1. vara  
Ola Norvald Hagen, Innlandet - 2. vara, ny  
Selma Cowan, Møre og Romsdal - 3. vara, ny

#### Meld deg inn i et NLT-lag i dag



#### Norske Landbrukstenester (NLT)

NLT si hovudoppgåve er å arbeide for at medlemslaga skal kunne tilby bøndene tenester av høg kvalitet – først og fremst for å dekkja behovet for arbeidskraft

Medlemslag	78
Aktive medlemmer	15 000
Lønsomsetnad ca.	1,4mrd
Antal årsverk ca.	5 000